



# Kyrkjebladet for VAKSDAL

69.ÅRG./ NR.4 - 2016



**Jul i tre  
generasjonar**  
Side 4, 5 og 6

**Vegen**  
Side 9, 10, 11  
og 12

- Andakt side 3
- Slekters gang side 19
- Gudstenestelista side 20

**DEN NORSKE KYRKJA****I VAKSDAL****Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

**Ekspedisjonstid:****Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00****Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

**Sokneprest Edvard Bø**

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

**Trusopplærar****Kristin Straume Audestad**

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

**Organist (vikar) Frode R. Vik**

Mobil: 95 26 20 84

E-post: frode.vik@vaksdal.kyrkja.no

**Kantor (vikar) Natalia Medvedeva**

Mobil: 477 17 931

E-post: natalia.medvedeva@vaksdal.kyrkja.no

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)**GATEADRESSER:****Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Sørdalsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Gruvevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

Framsidebilete: 4-åringane har hatt samlingar, og laga seg adventskalendarar.

## Snart 2017

Ja då var tida her igjen. Me skriv november månad. Julemenn og julebrus har allereie våre på plass i butikkane ei god stund. Når eg kom ut til bilen i dagtideleg var det snø på bilen. Ikkje mykje, men nok til å markera at no er vinteren her. Her på kyrkjekontoret har me hatt eit travelt år. Nye tilsette, vedlikehald av kyrkjer, vedlikehald av gravplassar, kurs og kompetanseheving for tilsette, start av fleire trusopplæringsstiltak, ja lista er lang. Dette året har som vanleg gått fryktelig fort. Eg synes at det ikkje er veldig lenge sidan 2016 låg framføre oss blankt og ubrukt. So mykje eg skulle få gjort, og so mange dagar å ta av. Som dei fleste andre nordmenn starta eg med godt mot og nyttårsforsetta friskt i minne. No er det meste av 2016 historie. Noko er rett flott å tenkja tilbake på, og andre opplevingar kunne eg godt vore forutan. Men det er vel dette som er normalen trur eg.

Julehøgtida nærmar seg, sjølv om dagane treff litt dumt for oss som vil ha mest mogleg fri. Men dei fleste her på kontoret, med eit heiderleg unntak av underteikna, jobbar i jula. Me vonar at du tar deg ein tur innom på ei gudsteneste eller to i jula. Kyrkjene våre lyser litt ekstra i julehøgtida. Dei tradisjonelle julesongane, bodskapen om englars song, og fred på jord, treff oss i hjarta.

«Det kimer nu til julefest, det kimer for den høye gjest. Som steg til lave hytter ned, med nyårsavver; fryd og fred» - Tekst: N.F.S. Grundtvig 1817 Melodi: C.C.N. Balle 1850-

**Bjart-Magnus N Rosvold****Kyrkjebladet ynskjer alle ei god jul!****Fellesrådsleiar:**

Odd Arild Faugstad

tlf. 952 65 989

e-post: oddfau47@gmail.com

**Soknerådsleiarar:**Vaksdal: Grethe Loftheim Dale  
tlf. 992 68 128Dale: Eli Kringlebotten  
tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925Bergsdalen: Herborg Holt Lid  
tlf. 454 65 977Stamnes: Bjørn Stamnesfet  
tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351Eksingedalen: Kjersti Vetlejord Børø  
tlf. 56 59 64 19 / 957 01 608Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim  
tlf. 930 54 636**Den norske kyrkja si heimeside:**[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)**Bjørgvin bispedømme si heimeside:**[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:**

Kyrkjeverja i Vaksdal

**Grafisk utforming:**

VaksdalPosten

**Kasserar:**Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:**Riss Grafisk AS,  
5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50

**Retur til:** Kyrkjekontoretfor Vaksdal, Pb. 113,  
5721 Dalekvam**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 6. februar.**



## Å kom, bli med!

Amatør kjem av det latinske ordet «amare» - og tyder ein som elskar. Fram mot jul er det mange amatørar i sving. Musikarar og korsongarar har funne fram juleprogrammet og over til konsertar og gudstenester. Det er kjærleiken til musikken og songane som driv dei. Denne kjærleiken gjev stor glede til mange menneske både i førjulstida og i julehøgtida. Det er glede sam vert delt mellom alle som syng og spelar saman. Det er glede som vert gitt til alle tilhøyrarane som kjem til kyrkjer og kulturhus for å få del i ei god oppleving. Amatør er eit positivt ord, knytt til alle som vil vera med og løfta fram songen og musikken i lokalsamfunna. Dei er med!

Sjølv skal eg i år vera med og spela 3. trompet til 1. sats av J.S. Bach sitt juleoratorium. Eg veit kven dei to andre trompetistane er. Dei heldt eit høgt niva. Men eg er med. Trompeten min skal og klinga i lag med dei andre. Sjølvsagt er eg nervøs, alle er det. Men om alle hadde sagt at dei ikkje er gode nok så hadde det ikkje blitt noko juleoratorium. Det hadde blitt trist både for songarar, musikarar og alle som kjem for å høre, i år både i Dale kyrkje og i bedehuset Nain. Vi hadde alle gått glipp av ei stor oppleving. Det er viktig at alle er med!

Song og musikk opnar julebodskapen. Oratorium tyder «bønehus». Songen og musikken rettar tankane oppover og gjer oss klare til å ta imot det store underet. Ikkje minst korstykka i oratoriet skapar stemning og bidreg til eit inntrykk av noko stort. Trompetane spelar fanfarar for å gjera folk oppmerksame på at no kjem det noko stort. Alle er med på å understreka bodskapen.

I første verset av juleoratoriet vert alle oppmoda om å glede seg, tena den Høgste med våre stemmer og æra Hans namn. Det får vi rikeleg høve til fram mot jul og i julehøgtida både i gudstenester, på konsertar og andre stader. Alle songarar og musikarar er med. Så kom og bli med du også! Stem i og syng. Lat jolebodskapen fylle hjarte og sinn.

Diktarpresten Grundtvig skreiv: «Det kimer nå til julefest»

2. verset lyder slik:

Å kom bli med til Davids by Hvor engler synger under sky!

Å la oss gå på marken ut hvor hyrder hører nytt fra Gud.

Velsigna jo!

*Med venleg helsing  
Arild Hellesøy*

*Prost*



# Jul i tre generasjonar



For å finna ut litt om korleis jula har arta seg før i forhold til no, har me i denne utgåva av kyrkjebladet snakka med tre blad Trohjell om jula i barndommen. Ragnar (75) vaks opp, og bur framleis, langt inne i Toskedalen, på Osterøysida av Stamnes. Der vaks naturleg nok sonen Dagfinn (41) òg opp, men som voksen har Dagfinn flytta til Sedalen oppom Vaksdal, og etablert seg der med kona Lise og borna. Blant anna minstemann Stian, som er elleve år i år.

Me spør fyrst ganske laust kva julestemning er for dei. For Dagfinn handlar det mykje om snø. Og det å ha familien samla, og rundt seg. Sonen Stian får julestemning når juletreet er på plass, og pakkene er opna. Ragnar svarte ikkje på akkurat dette spørsmålet, men kanskje handlar det ein del om juletre for han òg, erfaren juleseljar som han er.

## Forventningar

Når det gjeld kva dei gledde seg til i jula som liten, er karane ganske samstemde. Det var, og er, nok mykje desse pakkene som lokka mest. Stian gler seg til pakkene, men han gler seg òg til snøen, akinga i bakkane utanfor huset i Sedalen, og til å få meir tid til å vera med venar. Dagfinn fortel om ein storebror som budde på hybel på Voss, og som han venta veldig på då det nærma seg jul. Han kom nemleg heim med gåver som inneheld spennande «nymotens» ting, som til dømes diskettar til Commodore-maskina hans.

Dagfinn vaks opp i starten av dataspelalderen, og gledde seg stort til å spela dei nye spela han fekk av storebroren. Faren Ragnar fortel om ein mykje mindre gåvehaug enn det som er vanleg i dag. Men gåver var det, gjerne nyttige ting som klede og sko, men også meir spennande ting som nye ski og heimelaga leikar.

## Minneverdige gåver

Me spør om dei har ei spesiell julegåve frå barndommen dei hugsar ekstra godt. Stian tenkjer ganske kjapt på då han som femåring fekk ein splitter ny Nintendo DS, ei slags håndholdt spelemaskin. Tidene har endra seg sidan Commodore 64! Det som var ekstra spesielt for Stian, var at han fekk denne gava då han var alvorleg kreftsjuk, og måtte tilbringa store delar av jula på Rikshospitalet i Oslo. Gåva fekk han heilt overraskande frå jobben til Dagfinn, og var midt i blinken når dagane var lange og han måtte halda seg mest i ro. Det var ei spesiell jul det året, minnast Dagfinn,

og fortel at Stian fekk to timer «fri» frå sjukehuset for å feira jul med familien i ei leilighet i Oslo. Dei prøvde å gjera desse to timane så normale som mogleg. Ikke rart likevel, at den jula ikkje går i gløyeboka. Stian vart til slutt frisk att, og julene seinare har vore meir av den vanlege sorten, heldigvis!

Den gava Dagfinn hugsar best, er dei fyste skia han fekk med «moderne bindinger». Altså ikkje rottefella-bindingar, men den nye typen som du berre klikkar på skoen. Han klarte nesten ikkje å venta til resten av pakkene vart opna, før han seint på julekvelden tok sin første prøverunde på skia i bakkane i Toskedalen. Dagfinn fortel med stjerner i blikket frå denne opplevinga, skigaing var noko av det kjekkaste han visste å gjera på i jula, og han minnest òg skøyteturar i måneskin på vatnet.

Når det gjeld eldstemann, hugsar Ragnar best ein leikebil han fekk frå tanta som budde i Bergen. Dette var ein kjøpeleike, noko

han ikkje var vant til, dei laga mest leikene sjølv. Bilen hadde raude hjul og var laga i kryssfinér, og han var nok ekstra glad i den sidan den var kjøpt. Noko å tenkja på for dagens born?

## Julematen

Når me pensar inn på temaet julemat, er det nett som Dagfinn skuttar seg litt. Han minnast alt for godt lukta av lutefisk i huset på julaftan. Det var ikkje ei lukt han sette særleg pris på, og han meiner sjølv at han blei fysisk därleg av lutefisken. Han hugsar ikkje heilt kva hans alternative mat var, sannsynlegvis at han mest poteter... Denne tradisjonen har han forståeleg nok ikkje ført vidare til neste generasjon, Stian er vant til pinnekjøt når det er jul. Det er ikkje akkurat yndlingsretten hans, men det er ok å eta det akkurat på julaftan, meiner han.

Ragnar vaks som Dagfinn opp med lutefisk i barndommens jul, men han likte det heldigvis. Fisken vart laga til heime på gar-



Tre generasjonar Trohjell: Ragnar, Dagfinn og Stian.

den, dei kjøpte tørrfisk som dei la i bekken, så laga dei lut, før dei prøvekokte litt av fisken slik at dei fekk den best mogleg til sjølve julaftan. Det var ikkje vanleg med brus til middagen den gongen, dei drakk saft, og hadde alltid heimelaga smør i jul.

### Feiring med storfamilien

Me spør kven dei pleidde pleier å feira med på julafstan, og får litt ulike svar. Då Ragnar vaks opp, feira han saman med dei tre syskena sine, foreldra, og onkel-en Erik, som var dreng på garden. Dagfinn hugsar julefeiring med dei to brørrene, foreldra og besteforeldra. Stian derimot, er vant til å feira både med mange og med kun familien. Familien på sju har feira nokre år jul i Toskedalen, saman med besteforeldra der, og tanter, onklar og søskensbarn. I alt har dei vore opp

mot tjue på julekvelden, då er det godt at huset i Toskedalen er stort!

Elles har Stian òg feira med familien til mora Lise, men i fjar var dei kun seg sjølve, heime. Og det var i grunn ganske fredeleg, i forhold til feiringane med storfamilien, skyt Lise inn. Samstundes har det vore kjekt for Stian å feira med mange, då har han hatt syskenbarn på sin eigen alder å leika med. Men eit problem har vore at pakkehauen har vorte så stor med så mange, at borna faktisk har gått lei av utpakking før dei har kome til botnen av haugen. Det seier sitt!

### Juletradisjonar

Mot slutten snakkar me litt om juletradisjonar, julepynt og bodskapen i jul. Ragnar hugsar godt dei levande lysa på furua dei hadde pynta til juletre. Dei fekk ikkje straum i Toskedalen før i 49, då han var åtte år.

Og då straumen var komen, måtte dei likevel spa, kvar husstand hadde si tilmalte mengd straum. Han hugsar ikkje at dei pynta så mykje til jul elles, men i førekant av kvar jul, støypte dei tallgelys sjølv av sauetalg frå dyr som dei hadde slakta. Desse brukte dei til å pynta opp, og lysa opp, huset med. Julekvelden hadde faren hans ei spesiell bordbøn som han alltid ba. Så song dei ofte julesongen «Opp gledes alle, gledes nu», og til songbøker brukte dei gamle bøker med gotisk skrift frå 1800-talet, mest fordi dei syntest desse var så fine. Til kyrkja på Stamnes for dei 2.juledag, med båt. Ragnar fortel om òg den tradisjonsrike julefesten i Grøsvik 4.juledag, som samla dei fleste i bygda.

Dagfinn hugsar godt at juletreet, edelgranen, dei pleidde ha i stova i barndommen, ofte var «det siste, styggaste», som ingen



andre ville ha. Ein god juletreseljar sparar tydelegvis ikkje dei beste til seg sjølv! Dei pynta likevel treet så godt dei kunne, med kuler dei hadde kjøpt eller laga, og som var viktige for å få den rette stemninga. Dagfinn fekk som minstemann ofte briljere med juletrepynninga - det var nok han som syntest det var mest spennande då. Treet vart sett opp på vetejulaftan. Ved middagsbordet julaftan las dei juleevangeliet og song nokre julesongar. Han visste godt kvifor ein feira jul, gudstrua var ein naturleg del av livet i Toskedalen, og dette har han ført vidare i sin eigen heim. Dagfinn huskar òg juletrefesten 4.juledag i Grøsvik som eit koseleg minne frå juleferiringa. Der kom det ein nisse, som oftast med mandariner eller rosiner.

Stian hugsar at dei har lese juleevangeliet av og til rundt bordet julekvelden. Dei har òg av og til lese adventsbok, og dei snakkar om kvifor dei feirar jul. Når det gjeld pynting av juletre, er det nok storesystrene som regjerer mest der, men det verkar å vera ok for Stian, som likar best å vera ute og leika i snøen når det er jul. Stian er likevel oppteken av at juletreet må vera på plass for at det skal vera skikkeleg jul. Han er ikkje så vant til å gå på juletrefestar, det er heller ikkje så mange igjen av den sorten no. Ein viktig tradis-



jon for Stian er adventskalenderen han opnar i desember. Det er 24 pakker som mora har pakka inn til han. Dagfinn skyt inn at han òg hadde adventskalender, ein sjokoladekalender gjor susen den gongen.

### Jula før og no

Til slutt spør me dei to eldste karane om dei vil gjera seg opp nokre tankar om skilnaden på julefeiringa i barndommen, og slik ho er no. Dagfinn trekkjer fram at det er ei heilt annleis, digital verd no. Den begynte jo så smått i hans barndom hugsar me, men no har alle eit eller anna å trykkja på, og ein ender litt for ofte sitjande kvar for seg med ein eller annan trykkjedings, i staden for å sjå på kvarandre og prata med kvarandre. Han meiner likevel dette ikkje kun er einsidig negativt, ein er jo sosial på ein annan måte, i den digitale verda. Men det er absolutt annleis enn før. Då han vaks opp var det òg meir nøkternt i forhold til pakker. No kan pakkehaugen verta ganske stor, men dei prøver å begrensa det slik at ikkje dei kjøper fleire pakker til same person, eller kjøper alt for dyre ting. Det handlar litt om å det å ikkje skapa alt for store forventningar, som lett blir krav, meiner han.

Ragnar trekkjer òg fram dette med pakkehaugen som veks til enorme dimensjonar når storfamilien er samla, i forhold til den beskjedne pakkehaugen han var vant til som liten. Juletrefesten blir ikkje arrangert lenger, og furua er bytta ut med edelgrau. Likevel er det ikkje noko som vert opplevd som nokon stor overgang, fordi denne utviklinga har skjedd så gradvis, over lang tid. Dei har forresten òg kutta ut lutefisken i Toskedalen. Det gjorde dei etter at faren hans døydde, det var nok han som var mest oppteken av akkurat denne tradisjonen.

Då takkar me for intervjuia, og for nokre små innblikk i korleis julefeiringa har arta seg for Stian, Dagfinn og Ragnar Trohjell. Frå talglys til skjermlyss. Frå Toskedalen til Sedalen. Frå eit ártusen til eit anna. Uansett verkar det som om barndommens forventningar til jula er litt dei same frå generasjon til generasjon. Og nokre viktige moment framleis står sterkt. Familie, natur og tru. Me ynskjer dykk ei god jul, familien Trohjell!

**Intervju/tekst:**  
**Kristin Straume Audestad**

## Jul i Toskedalen

Julafta samlast me rundt stovebordet om ettermiddagen i femtida. Det var alltid lutefisk, heimabakte lefser med "godt" smør til. Til drikka var det saft, og den var sjølvsagt og heimelaga. Noko slikt som brus var aldri på bordet då eg vaks opp. Det kostar pengar, og det var det lite av, Familien var mor, far, oss 4 borna, og onkel Erik.

Ved bordet las far eit rituale som han hadde lært av far sin, og som han truleg hadde lært av sin far. Om det var endå eldre, veit eg ikkje.

### Føre maten:

Alles øyne vokter på deg, o Herre, og du girer dem deres føde i betimelig tid.  
Du opplater din runde og milde hånd, og metter alt som lever med din velsignelse.  
(Frå Salme 145, 15-16)

O, Herre Gud, Himmelske Fader, vi takker deg for alle dine gaver som vi av din godhet skulle anamme.  
O Gud skje lov evindelig  
For mat og drikk så rundelig.  
For dine gaver alle sammen  
Gud mette vår sjel i himmelrikets glede.  
Amen.

Så las far Fader vår, og deretter bordbôna og velsigninga.  
I Jesu namn går vi til bords, og spise drikke på ditt ord,  
Det er Gud til æra og oss til gagn, så får vi mat i Jesu namn.  
Velsign oss Gud Fader, velsign oss Guds Sønn, velsign oss Gud Den Hellige Ånd.

Så song me nr. 100 i Landstad salmebok: Op, gledes alle, gledes nu.

### Etter maten:

Takker Herren, for han er god. Hans miskunnhet varer til evig tid. Han som metter alle skapninger, og sørger for ravnunger som roper til han. Han har ikke lyst i hestens styrke eller mannen kraft, men Herren har behag i alle dem som frykter ham og venter på hans miskunnhet.  
(Frå Salme 146, 9-11)

I Jesu namn så har vi ett, av dine gaver er vi mett. Gud gi oss derav nytte og gavn, så vi kan prise ditt hellige navn.  
Ære være Gud Fader, Sønn og Hellig Ånd.

Til slutt song me nr 105 i Landstad: Søte Jesus, Davids rot.

Me hadde nokre gamle salmebøker med gotisk skrift, og det tykte me borna var morosamt å bruka. Me lærde så pass gotisk at me kunne forstå kva som sto der.





# ADVENTSKONSERTAR i kyrkjene våre

## **Stamnes kyrkje**

**laurdag 3. desember kl. 15.00**

Adventskonsert med Blanke Messingen,  
Stamnes barnekor, Hege Eide Vik og Frode Vik  
med fleire. Adventstankar. Kollekt ved utgangen.

## **Dale kyrkje**

**laurdag 3. desember kl. 17.00**

Førjulskonsert med Fossegrimen, prosjektkor og solistar.  
Billettsal.

## **Bergsdalen kyrkje**

**søndag 4. desember kl. 16.45** (etter lysmassa):

Minikonsert med Dale mannskor.

## **Dale kyrkje**

**søndag 4. desember kl. 19.00**

Adventskonsert med Dale Musikkforening, Kordial,  
Tina Indrevær og Frode. Vik Adventstankar. Kollekt ved  
utgangen.

## **Nesheim kyrkje**


**søndag 11. desember kl. 11.00**

Adventskonsert med Øystein Haga og Frode Vik.  
Kyrkjekaffi.

## **Vaksdal kyrkje**

**søndag 11. desember kl. 19.00**

Adventskonsert med Vaksdal Musikklag, Kilden, Dale  
Mannskor, Tina Indrevær og Frode Vik. Adventstankar.  
Kollekt ved utgangen.





# Min salme

O store Gud

Det er mange salmar eg er glad i, og tankane mine har vore innom mange sidan eg vart utfordra av Ragnhild Gravdal i sist kyrkjeblad. Når eg no sit meg ned for å skriva, så er det den songen eg aller først tenkte på, og som eg alltid har likt veldig godt, eg har stansa ved.

Songen er langt frå noko ny song, han vart skriven i Sverige i 1886 og me syng han på ein svensk folketone. I 1956 vart han omsett til norsk av baptistpresten Knut Andersen. Vers 3 var frå fyrst av ikkje med i songen, det vart skrive i 1970 av Trygve Bjerkheim.

Denne songen er for meg fyrst og fremst ein song der eg får takka Gud for alt han har gjort, og gjer for meg, og der eg kan lovsyngja og tilbe han. Samstundes er songen og som ei reise gjennom heile Bibelen. Det tek til med skapinga i første verset. Når eg står og ser opp mot stjernehimmen ein klår haustkveld, vert eg heilt overvelta av synet. Ofte tenker eg då: "Korleis kan nokon tru at dette har vorte til av seg sjølv?" For meg er det heilt uforståeleg. Vidare får me høyra om ein Gud som har gjort og framleis gjer under og som alltid er trufast og er med oss gjennom alt som møter oss på livsvegen. I det tredje verset, det som Trygve Bjerkheim har skrive får vi høyra om Jesus og det han har gjort for oss. Og til sist får vi så høyra om himmelen som ventar for alle som trur. Då er det for meg berre heilt naturleg og veldig godt å bryta ut i lovsong og syngja: "Takk, store Gud, takk, store Gud!"

O, store Gud

*O store Gud, når jeg i undring aner,  
hva du har skapt i verden ved ditt ord.  
Ser universet med de mange baner,  
og vet alt liv oppholdes ved ditt bord;  
/: da bryter lovsang ifra sjelen ut:  
O store Gud, o store Gud! :/*

*Når jeg i Skriften ser de mange under,  
som Gud har gjort fra første Adams tid,  
og ser hvor trofast Herren alle stunder  
har ført sitt folk igjennom livet strid;  
/: da bryter lovsang ifra sjelen ut:  
O store Gud, o store Gud! :/*

*Når jeg så vet at Kristus lot seg føde,  
ja, at han gikk omkring og gjorde vel,  
inntil han sonet verdens synd og døde  
og oppsto for å frelse hver en sjel;  
/: da bryter lovsang ifra sjelen ut:  
O store Gud, o store Gud! :/*

*Når så til slutt hvert tidens slør må falle,  
og troens mål er nådd, så jeg får se,  
vil evighetens klokker sjelen kalle  
for tronen mellom skaren hvit som sne.  
/: Da bryter lovsang ifra sjelen ut:  
Takk, store Gud, takk, store Gud! :/*

**Karin-Johanne Rosvold sender salme-  
stafetten vidare til Einar Magne Straume.**



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook!

## Skulevegenstart - bok til seksåringane

Det er ganske nytt at seksåringane vert inviterte til gudsteneste i samband med at dei byrjar på skulen. For mange er kyrkja ein naturleg stad å koma til ved store hendingar i livet, som dåp, konfirmasjon og bryllaup. Skulestart er òg ei stor hending og omvelting, og me har lyst til å markera det saman med dei som ynskjer det, og gjerne gje nokre gode ord med på skulevegen. I år fekk seksåringane utdelt kvar si bok, med forteljingar som

Jesus fortalte. Ei av dei fekk dei òg høyrta under gudstenesta. Etter gudstenesta på Vaksdal leika me litt, og prøvde blant anna å senda papirfly frå galleriet. Det gjekk fint, heilt til det eine sette seg fast i lysekruna... Spanande å møta nokre av dei kjekke fyrsteklassingane her i kommunen, men det er eit tilbod som ikkje så mange nyttar seg av, så det er mogleg me gjer litt endringar på dette opplegget til neste år.



Seksåringane var inviterte til gudstenesta.

## Stamnes Barnekor i gong att!

Sidan Tone Synnøve tok til i den nye stillinga si i Molde, var me spende på kven som kunne dirigera Stamnes barnekor vidare. Her trødde heldigvis dyktige og lokale Hege Eide Vik til, slik at koret kunne starta opp att i september som vanleg. Her kjem born frå fleire delar av kommunen, og det er stor songglede blant små og store, som har si siste framføring av songar før jul under adventskonserten i Stamnes kyrkje.



Flinke songarar i aksjon under gudstenesta 23. oktober.



# Kva skjer på VEGEN framover?

## Det store salmeslaget

Me prøver oss etter jul att med «Det store salmeslaget», der konfirmantane framfører tradisjonelle salmar i ny drakt, signert Olav Arne Steinkopf. Meir info om tid og stad kjem på plakatar, på «Vegen i Vaksdal»-sida vår, og i VP når det nærmar seg. Eit kjekt opplegg å få med seg anten ein kjenner konfirmantane eller ikkje!

## Tårnagenthelg

For neste års åtteåringar vert det Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje laurdag og sundag. Her får borna prøva seg som agentar, dei får blant anna gå gjennom ein «labyrint», besøka tårnet, og læra meir om dei ulike tinga me møter i kyrkerommet.

Opplegget vert avslutta med gudsteneste søndag, der borna deltek på ulike måtar. Etter førre helg var både born og foreldre tydelege på at dette var noko som var kjekt, så gå ikkje glipp av det, de som kan vera med!



## Lys vaken

For neste års elleveåringar vert det arrangert Lys Vaken med overnatting i Dale kyrkje. Dette pleier å vera veldig kjekt, og er eit vel utprøvd opplegg som har fungert fint. Om nokon synest akkurat overnatningsbiten er litt skummel, er det fint mogleg å vera med laurdag ettermiddag og sundag morgen likevel. Opplegget vert avslutta med ei gudsteneste der elleveåringane er med og deltek med song, blant anna.

## Babysong, lunsjtreff og småbornssong etter jul

Etter jul held me fram med opplegget me har prøvd ut i haust. Det verka som både foreldre og born har hatt glede og nytte av samlingane, så dette er noko me vil prioritera. Eit stykke ut i januar/tidleg februar startar me opp att, og fyrste perioden blir på Dale. Sannsynlegvis vert det fast måndagar etter jul også, men endringar KAN førekoma, så det luraste er å anten vera med i gruppa «Babysong, Lunsjtreff og Småbornssong i Vaksdal» på facebook, eller facebooksida «Vegen i Vaksdal». Det går òg an å senda tlf. nr sitt til Kristin (95766379) og be om å bli varsle på sms i førekant av samlingane.

## Baby- og småbornssong i Eksingedalen

For å ha eit reellt trusopplæringstilbod til dei som bur i Eksingedalen, og for å bli kjend med borna der, må me ha eit eige opplegg for bygdene i dalen. Det er ikkje heilt realistisk å invitera dei til babysong i meir sentrale strok i kommunen når det er så lang køyretid! Og det er kjekt for oss å ta turen til Eksingedalen innimellom. Heile opplegget for Eksingedalen er ikkje heilt spikra endå, men i slutten av oktober inviterte me i alle fall alle under skule-

alder til baby- og småbornssong samstundes med ei gudsteneste på Flatekval. Me held til i sakristiet, og gjennomførte ei kjekk økt med song, forteljing og ulike sanselement saman med åtte born og fire mødre. Etterpå var det kyrkjekaffi med gode kaker saman med dei som hadde vore på gudstenesta. Eit opplegg som fungerte greitt, og som me sannsynlegvis gjentek til våren, og prøver å få til to gongar i året framover.



Rytmeegga var populære i Eksingedalen.

## Utdeling av Nytestamentet til tiåringar

I oktober var det utdeling av Nytestamentet på Eidsland, medan det i november var utdeling på Stamnes og Vaksdal. Innby-

dinga til utdelinga kom saman med innbyding til leir, og det var nok ikkje alle som hadde fått med seg at det var to ulike hendingar

det var snakk om. Dette var nok dels pga. ein litt lite gjennomtenkt utføring av invitasjonen, så dette skal me ordna til neste år.

Uansett kjekt med dei som kom, me har diverre ikkje biletet av tiåringane i år.



## Bergsdalsstemna

I starten av september vart Bergsdalsstemna skipa att. Ein periode no har det vore Jordbærjazz i staden, men i haust var det tradisjonelle stemnet tilbake, med gudstene etterfylgt av god kyrkjekaffi med smakfulle kaker, og ei songstund til slutt. Samstundes inviterte me årets næringer til ei enkel sporløype rundt kyrkja. Her var det dessverre ingen i målgruppa som tok turen opp i Bergsdalen denne sondagen, men ei lita lokal gruppe testa ut sporløypa og meldte at den var godkjend!

Ei lita gruppe testa ut sporløypa, og gav den tommelen opp.



## Utdeling av fireårsbøker og fireårssamlingar

I slutten av oktober og byrjinga av november vart det delt ut fireårsbøker på Vaksdal, Stennes og Dale. Borna i Bergsdalen og Eksingedalen får sine bøker under dei lokale lysmessene. Under gudstenestene på Vaksdal og Stennes fekk borna ta del i forteljinga om «når Jesus stiller stormen», og det silkeaktige blå «havet» var lett å laga bylgjer med. Verre var det då Kristin kom med ei spruteflaske med vatn og laga «skumsprøy» då stormen stod på som verst! På Dale fekk borna høyra om brødunderet.

I etterkant av fireårsbokutdelinga var det samlingar der borna kunne laga seg sin eigen adventskalender, med Maria, Josef og ein konge som fylg «stjernevegen» (med 24 stjerner) fram til krubba der Jesusbarnet ligg. Her var det godt med foreldre som hjalp til, ikkje alt er like lett åleine... Men resultata vart i alle fall både fine og sjærmerande. Samstundes som dei symboliserer noko av den viktigaste grunnen til at me feirer jul.



Femåringen Markus hjalp til å laga bylgjer for fireåringane Tia og Ida.



## Babysong, Lunsjtreff og Småbornssong på Vaksdal



Kjekt med mange såpebobler å sjå på!

Etter sju gongar på Dale, flytta Babysong, Lunsjtreff og Småbornssong seg til Vaksdal etter haustferien. Me skulle eigentleg halda til i kyrkja, men på grunn av ein vasslekkasje der, har me halde til i kjellaren i Vaksdal bedehus. I grunn eit godt eigna lokale for dette opplegget, med sofagrupper å prata og eta i, og god plass til både matter og evt. vogner. På Vaksdal har det vore godt med folk heile vegen, eine gongen heile 13 born på babysongen, og me kosar oss ilag. Praten går godt både før og etter (og av og til under) babysong og småbornssong.

Det er veldig tydeleg at borna trivst, og synest det er spennande når me syng, beveger oss, og sansar på ulike måtar. Nokre er litt skeptiske fyrste gongen, men så vert det meir og meir klart at dei kjenner att det me gjer frå gong til gong. Dette er ein av grunnane til at opplegga er ganske «setla», me gjer stort sett det same kvar gong. Det er trygt for borna og foreldra, og i grunn ganske trygt òg for Kristin som liksom skal ha kontrollen over det heile... Det der siste gjekk forresten litt gale ein dag, då ho fyrst hadde gløymt å setja på varmen i lokalet, og deretter sørte kaffi på den eine sokken sin. Kaldt golv + våt sokk er ikkje ein god kombinasjon. Men borna var godt påkledde, og Kristin henta tjukkelabbar til seg sjølv og nokre av mødrene, og så ordna det seg den gongen òg! (Det skjer nok ikkje fleire gongar!) Forresten: om nokon kjenner seg kalla til å strikka labbar som me kan ha i ei korg til utlån til dei foreldra som treng det, hadde det vore veldig flott! Me foreldre er litt sære sånn, me hugsar godt å kle på borna, men gløymer gjerne oss sjølve...



## Tankar frå trusopplæraren

I desse juletider veit me at kontrastane er store. Det vert på ein måte så tydeleg kven som har mykje, og kven som har lite. Kven som har ein diger dunge under juletreet, og kven som har nokre få pakker. Kven som har ein stor familie rundt bordet, og kven som feirar for seg sjølv. Nokon har kanskje stova full av glade folk, men likevel ein plass som står tom rundt bordet, og ei sorg over nokon som er borte. Kontrastane er kanskje ikkje så tydelege for alle, men dei vert nok merka sterkt hjå nokon. Og kanskje sterkeast hjå dei som kjenner seg litt utanfor og aleine.

Me treng alle ein stad å høyra til. Ein stad å kjenna oss heime, og trygge. Auge som ein kan kvila sine eigne i, med smilerynker eller blenkjetårer, eller begge delar på ein gong. Ei dør å banka på, der ein veit ein slepp inn. Hender å halda i, trykka varmt i sine. Det treng ikkje vera så mange folk, eller så stort hus.

Berre det kjennest trygt.

Berre det kjennest som heime. Det ein kan vera seg sjølv, og bli godteken slik. Der folk tek vare på kvarandre. Og der ein kan gå utom døra og framleis møta blikk, og få lufta smilset sitt, og tankane sine. I Vaksdal er det mange små og store bygder. Heimar. Folk. Nokon folk kjem fra familiær som har budd der i generasjonar. Nokon er nett flytta til bygdene, frå andre stadar, og frå utlandet - av praktiske årsaker, eller på flukt frå heimar som ikkje var trygge lenger. Felles har me det at bygda me bur i er ein del av heimen vår. Ein konsekvens av dette, blir jo at me som bur i bygda må ta vare på kvarandre, godta kvarandre, smila til kvarandre. Eg skulle så gjerne ynskja at me tenkte meir slik. Mange gjer det nok allereie, men spesielt når det kjem nye folk til, veit eg det er fleire enn meg som ikkje synest det er så enkelt å «berre ta kontakt». Eg har etter kvart funne ut at det er ikkje så vanskeleg heller. Det handlar ikkje nødvendigvis

om å be folk heim til seg, sjølv om det gjev ein gyllen sjanse til å bli betre kjend. Det handlar like mykje med å møta folk med opne blikk. Slå av ein liten prat, endå så vanskeleg det er å vita kva ein skal snakka om i starten. Visa at ein bryr seg.

Kyrkjene og bedehusa er òg fine stadar å kjenna seg heime. Når folk samlast der kjenner ein på samhaldet, og ein kjenner seg som ein familie. For nokre er det kanskje så uvant i starten at ein ikkje kjenner heilt på det med ein gong. Men om ein går jamleg, trur eg ein etter kvart vil kjenna seg heime, og trygge, i desse husa. Der er mange bøner bedt. Der har folk kome i sitrande glede og djupaste sorg. Og der er det rom for alle. Kyrkjevertane som står i døra, er der for å ynskja folk velkommen inn, og heim. Ikkje for å halda nokon ute. I eldre tider har det nok hendt at ein har vore ekskluderande, men då er det nok folka som har feila... Ei kyrkje eller eit bedehusa er



ein stad for å vera stille, og ein stad for å prata. Ein stad for å koma nærmare Gud, og ein stad for å koma nærmare seg sjølv, utan andre forstyrningar. Bortsett frå om du har born med då, då er det kanskje ikkje så lett å gå så djupt inn i ting på eigne vegne... Men samstundes er det fint om også borna kan kjenna seg heime og trygge i desse husa. For der er det og heime. For dei som vil.

**Kristin**

## VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon  
og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir mening.





# Julehelsing frå Reidun og Odd ved sjømannskyrkja i Alanya



Sjømannskyrkja i Alanya.

Sjømannskyrkja oppretta Alanya som fast stasjon i 2008 og etter fleire lokaliseeringa er stasjonen no etablert ca. 3 kilometer fra bykjerna ikkje langt frå byområdet Oba. Det er usikkert kor mange som nordmenn som bur i Alanya området, - men det skal vera ca. 4.000 bustads einingar som er eigmeld av nordmenn.

Kyrkja nyttar botnetasjen i ei bustadsblokk som kyrkjelokale med kjøkken, kontor leseværelse mm. Kyrjerommet har plass til ca. 60 menneske, og arealet kan lett utvidas då der er eit overbygd uteareal som er skild med glasdører.

Alanya ligg ved Middelhavet på sørkysten av Tyrkia ca. 60 mil frå grensa til Syria. Der bur om lag 300.000 menneske i Alanya og nærområda.

Frå hausten 2016 og fram til sumaren 2017 arbeidar Reidun og eg ved kyrkja, saman med Møyfrid Gaas-

sand frå Bergen og eit vinterassistent par dei er engasjert for 3 månader (haust og vår). Hovudoppgåvene er sjølvsagt Gudstenesta som Reidun har ansvar for, Møyfrid er vertskap / husmor og eg er dagleg leiar. Kyrkja har ope kvar vekedag frå kl. 11.00 til 15.00 (stengd mandag) og sundagar frå 17.00 - 20.00. Kvar onsdag er det i tillegg APO (alltid på ein onsdag) kl. 18.00 - 20.00, der det er ymse program, som «Fest på kjerka», songkveld, filmkveld, «laupskaus kveld», kåseri/fordrag, bibelkveld mm. I sesongen oktober - fram mot påske er det mange «fastbuande» nordmenn her, og me har 50 - 70 gudstenestedeltakrarar og like mange på APO kveldar.

Laurdag er det, som på dei fleste sjømannskyrkjene, laurdagsgraut med god oppslutning. Me har og eit samarbeid med finske og hollandske kyrkjelydar som leigar kyrkja vår til sine gudstenester kvar sun-



Frå ei gudsteneste.

dag, - både finsk og norsk AA- gruppe har og møta sine hjå oss.

Me merkjar at det er færre turistar, og ikkje minst hotell og restaurant bransjen i Alanya merkar dette, det er opp mot 40 % reduksjon i forhold til «normal år», noko som medfører minkande omsetnad og større arbeidsløyse. Av den grunn gjev me 10 % av alle kyrkjeoffer til lokalt hjelpearbeid, formidla gjennom sosialtenesta i kommunen. Alanya har heldigvis ikkje merka noko av uroa som har vore andre stader i Tyrkia, - og nordmenn som bur her føler seg trygge og trivs godt. «Tyrkarane er eit hyggeleg, venleg og inkluderande folkeslag « høyrer me ofte nordmenn seier, det er og vår oppleving.

Det er travle men meiningsfulle dagar, i tillegg til faste oppgåver på kyrkja er der det sjukebesök på tre / fire sjukehus, sosial

oppgåver er det og i Alanya, - på lik linje med andre sjømannskyrkjer. Her er mange faste og svært så hyggelege brukarar av kyrkja, heldigvis har me og ein heil del dyktige frivilige som er til god hjelp ved arrangementa våre. Det vil kome godt med når me skal feire jul med Gudsteneste og på fylgjande middag til 60 personar, kaffi og kaker, julegåve utdeling og gang rundt juletreet.

Julaftan vil me i vår kyrkje-lyd ynskje kvarandre ei vel-signa jul med Jakob Sande sin julesalme «det lyser i stille grender». Me ynskjer kyrkjelydane i Vaksdal ei signa jul med vers nr 5;

«Songen som atter tonar  
med jubel kvar julenatt  
om barnet, Gudes son  
og sonar  
som mørket for evig batt»

**God jul - Reidun Laastad  
og Odd Dyvik**



# 50- og 60-årskonfirmantar



60-årskonfirmantar i Dale kyrkje 2016. 1.rekke frå venstre: Dagny Frydenlund, Else Berit Fenne, Berit Gustavsen, Anne Marie Nybø, Bjørg Johansen, Gerd Vatle. 2. rekke Kirsten Lid, Olaug Boge, Kari Alvheim, Asfrid Benevoli, Marie-Brit Bjerke. 3. rekke: Frode Kvamsøe, Kjell Stokke, Arthur Johan Brudvik, Steinar Dale.

50-årskonfirmantar i Dale kyrkje 9. oktober 2016. 1.rekke frå Hirth Fenne, Solveig Brudvik, Åshild Vaksdal, Sissel Karin Kor Reigstad, Kari Opheim, Grete Kvamme, Else Vågen. 3. rekke: stad, Arne Laastad, Knut Buvik. 4. rekke: Frode Kvamsøe, D. Svein Ove Hesjedal, Svein Arne Langeland. Ikkje med på bilet

## Gravplassane i Vaksdal

Gravplassar er eit av dei tema som me får flest spørsmål om her på kyrjekontoret. Det opptek mange at gravplassane våre er fine og velstelte. Det er viktig for familie og pårørande at dei har ein fin stad å gå til der dei kan minnas sine nære å kjære. Det er Vaksdal kyrkjelege fellesråd ved kyrkjeverja, som har ansvaret for drift og vedlikehald av dei 8 gravplassane i Vaksdal kommune. Dette er ein stor og arbeidskrevjande del av fellesrådet sitt ansvar. Det er heller ikkje noko å leggja skjul på at ein svært utfordrande økonomi gjer at me på langt nær får gjort alle deil tiltak som me ynskjer å gjera. Vaksdal kyrkjelege fellesråd har ein

tenesteytingsavtale med Vaksdal kommune. Difor er det Vaksdal kommune som giv opp nye graver på alle gravplassane i kommunen. Vidare tek Vaksdal kommune seg av andre oppgåver på nokre av gravplassane (Vaksdal, Stanghelle, Dale og Stamnes) på oppdrag fra fellesrådet.

Det er gravferdslova som bestemmer korleis me skal handsama spørsmål som kjem kring gravplassane i kommunen. Vaksdal kyrkjelege fellesråd har også vedtatt eigne vedtekter for gravplassane i Vaksdal. Desse vedtektena kan ein få om ein henvender seg til kyrkjekontoret. Gravplassane i Vaksdal er livssynsnøytrale, og dei er

offentlege. Dette gjeld for alle gravplassane i heile kommunen. Dette betyr at ein kan bli gravlagt på ei av gravplassane i kommunen uansett tru, eller livssyn. Gravplassane på Vaksdal, Stanghelle og Dale, ligg ikkje ved sida av ei kyrkje, og dette gjer at dei nok vert opplevd som meir nøytrale enn dei andre gravplassane som ligg ved kyrkjene. Det er ikkje slik at ein må ha ein kyrkjeleg seremoni for å bli gravlagd på gravplassen. No er det slik at enkelte trus og livssynssamfunn har eigne gravplassar. Dette er det ikkje tilrettelagt for i Vaksdal. Det vil sei at me pr dags dato til dømes ikkje kan tilby gravplassar for muslimar. Sidan me lever i

ein meir fleirkulturelt samfunn vil det være naturleg å legga til rette for dette ved framtidige utviingar av gravplassane i Vaksdal. Gravferdslova seier at alle som bur i Vaksdal kommune har rett på ei grav i kommunen. Fellesrådet har bestemt at dei fyrste 20 åra etter gravlegging er denne grava fri/gratis. Etter denne tida er over vil festar (den som står ansvarleg for grava) bli fakturert for å ha gravminne ståande. Vaksdal kyrkjelege fellesråd fakturerer festarar kvart 5. år. Folk som ikkje bur i kommunen, men har ynsje om å vera gravlagde her vil måtte betala festeavgift også for dei fyrste 20 åra. Vaksdal kyrkjelege fellesråd



he frå venstre: Anne Balestrand, Åse Karin Hepsøe, Wenche in Korsrud . 2. rekke: Kari Faugstad, Ingunn Vårdal, Brit-Solveig ekke: Helge Ekanger, Åse Karin Hetle, Rolf Erik Veka, Åse Laa ge, Dagfinn Faugstad, Johan Bruvik, Georg Helge Dankertsen, i biletet: Harald Lyngmo, Mai-Lis Boge, Arild Klever.

50-årskonfirmantar i Vaksdal kyrkje 2. oktober. 1.rekkje frå venstre: Åse Kallekleiv Moe, Torill Sæterdal Aursland, Kirsten Boge Kusslid, Liv Jorun Krogsrud, Anne Sissel Faugstad, Hilda Bjørsvik Tveit, Gudrun Boge Karlsen, Åshild Vågenes Lian. 2.rekkje frå venstre Oddvard Oppheim, Trygve Njåstad, Odd Johan Olsnes, Arvid Samuelsen, Viggo Furubotn, Sven Arne Ekse. Anne Kristine Erstad og Kari Erstad Knutsen var ikkje til stades då biletet vart teke.

har ein praksis som gjer at for dei som byter bustads adresse grunna sjukdom, eller at ein flyttar på gamleheim, har same rettighetar som innbyggjarane i kommunen.

Gravplassar er eit stort og omfattande tema. I denne artikkelen har eg prøvd å komma innom nokre av dei viktigaste. Me vil difor prøve å skrive litt om dette i kyrkjeblada frametter. Om du som leser ynskjer at me skal ta opp spesielle tema, er du velkommen til å senda inn forslag.

Bjart-Magnus N Rosvold  
Kyrkjeverje



Konfirmantane i Vaksdal og Modalen inviterar til  
**Det store salmeslaget**  
i Vaksdal samfunnssal  
laurdag 11. februar  
kl. 20.00



## Kyrkjebøker i Vaksdal


Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret

### Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år  
111 sider

**NY PRIS kr 150,-**

*Kan kjøpast i butikkane på Lavik.  
Kan også kjøpast hjå boknemnda:  
Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim  
og Asbjørn Nese.*



### Dei bygde draumen

(2005)  
Jubileumsskrift for  
Bergsdalen kyrkje 50 år  
220 sider.

**NY PRIS kr 100,-**


*Kan kjøpast i Bergsdalen hjå  
medlemmene i soknerådet og i  
kyrkja.*



### Kyrkjestaden Dale

(1996)  
100 år  
104 sider

**Kr 50,-**



### Soga om Stamneskyrkja (1986)


229 sider

**Kr 50,-**

Jubileumshefte for  
Stamnes kyrkje

**Kr 100,-**

(Perioden 1986-2011)  
*Kan kjøpast hjå  
soknerådsmedlemmene.*



# Bjerkrheim Jazz

Live fra Vossa Jazz 2011

Musikk av Olav Arne Steinkopf  
Tekstar av Trygve Bjerkrheim

**CD-en kostar kr 100,-,**  
og kan kjøpast hjå lokale forhandlarar eller  
gjennom Kyrkjekontoret





# Oppseiing av kantorstillinga



Olav Arne Steinkopf (biletet) har levert oppseiing av stillinga si som kantor i Vaksdal. Han har hatt permisjon frå stillinga si sidan januar 2016. Olav Arne har fungert i stillinga som kantor sidan januar 1998. Han har vore ein verdifull medarbeidar, og gjort ein fantastisk innsats for kyrkjemusikken i kyrkjene våre, og musikklivet elles i kommunen. Vaksdal kyrkjelege fellesråd takkar Olav Arne for eit godt samarbeid dei åra han har vore tilsett hos oss, og ynskjer han lykke til med nye utfordringar i åra som kjem.

På vegne av Vaksdal kyrkjelege fellesråd  
Bjart-Magnus N Rosvold



Følg oss på sosiale medier:



/sjomannskirken

[www.sjomannskirken.no](http://www.sjomannskirken.no)



## Stanghelle bedehus

Onsdag 30. november kl. 19.00:  
Møte ved Ole Corneliusen  
**JULEFEST** søndag 8. januar kl. 17.00  
Andakt ved Ottar Dalseid



## Vaksdal bedehus

Storsamling søndag kl. 11.00  
Søndagsskule i kjellaren kl. 11.30  
**4. desember, 15. januar, 5. februar,**  
**26. februar**



## Dale bedehus

Onsdag 14. desember kl. 19.00:kl. 19.00  
Møte ved Leiv Nesheim

## KYRKJA I VAKSDAL

- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.



**TOMME-**  
**STOKKEN BYGG AS**

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



**Liv Anne's AS**

Kafé – Bakeriusalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:  
• Dekking  
• Mat  
• Servering

**ARNPRO**

Tlf. 56 53 00 60 • [www.arnpro.no](http://www.arnpro.no)

**coop  
prix**

Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

**BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

**SÆTERDAL  
ELEKTRO**

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00



**SparebankenVest**

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - [www.spv.no](http://www.spv.no)



**VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

**Ve**

**vangen elektriske a/s**

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

[www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)

**GRAVMINNER**



• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Opprettning

Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.



**STEINRIKET  
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)



# SLEKTERS GANG



## DØYPTE

### Bergsdalen

- 04.09 Johannes Fosse Fossmark  
04.09 Olivia Aas Nordberg  
30.10 Andrea Hagen Dalseid

### Dale

- 06.11 Håkon Brekkhus

### Eidsland

- 04.09 Vilja Angeltvedt-Vik

### Vaksdal

- 18.09 Andreas Tranøy Boge  
18.09 Johan Audestad Sæterdal  
02.10 Sebastian Soltvedt Bruvik  
02.10 Michelle Boge Haugen  
02.10 Imre Vik Soltvedt  
23.10 Sofie Klever



## DØDE

### Bergsdalen

- 15.09 Nils K Rødland 1932

### Dale

- 23.08 Arild Holger Nottveit 1963  
01.09 Bjørg Myklebust 1929  
08.10 Bjørn Øistein Faugstad 1935  
07.11 Kari Bruvik 1966  
08.11 Astrid Svensson 1933  
12.11 Petra Kristine Bosåen 1928

### Eksingedalen

- 29.10 Nils N Nesheim 1923

### Stamnes

- 23.09 Anlaug K Vassenden 1923  
28.10 Margit Stamnes 1918  
09.06 Torleiv Vassenden 1935

### Vaksdal

- 02.09 Mille Rosseland Kleiveland f/d 02.09  
02.09 Håvald Brockman Schjerven 1922

# VELKOMEN TIL KYRKJA

**Sundag 27. november** - 1. sundag i adventstida  
EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 15.00. Lysmesse. Kvamsøe, born og unge. Nattverd. Kyrkjekaffi.  
STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Bø og konfirmantane. Nattverd.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Lysmesse. Bø og konfirmantane. Nattverd.  
DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse. Kvamsøe og konfirman- tane. Nattverd.

**Sundag 4. desember** - 2. sundag i adventstida  
BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Minikonsert med Dale Mannkor. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi. Tenning av utvendig lys på kyrkja til slutt.  
EIDSLAND KAPELL kl. 15.00. Lysmesse. Bø Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Sundag 11. desember** - 3. sundag i adventstida  
DALE KYRKJE kl. 11.00: Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Sundag 18. desember** - 4. sundag i adventstida  
Ingen gudsteneste i Vaksdal.

*Lista held fram på neste side*

**Effektiv**  
**trafikkopplæring**

Tlf. 913 03 491  
geir@effektivtrafikk.no  
www.effektivtrafikk.no

  
**Bergsdalstunet**  
Bergsdalstunet  
56 59 89 34

**Alt innan tømrararbeid**

  
**TLF. 922 65 739**



# B Blad

B  
posten  
DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE  
NOREG P.P. PORTO BETALT

Returadresse: Kyrkjebladet for Vaksdal  
Postboks 113, 5721 Dalekvam

## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Laurdag 24. desember** - Julaftan  
NSHEIM KYRKJE kl. 12.00. Julegudsteneste. Bø.  
STAMNES KYRKJE kl. 13.00 (NB). Julegudsteneste. Kvamsøe.  
DALE KYRKJE kl. 15.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.  
DALE KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Bø.  
EIDSLAND KAPELL kl. 16.15. Me syng jula inn.

**Søndag 25. desember** - Juledag  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for  
Vaksdal og Dale sokn. Bø og Kvamsøe. Dåp. Nattverd. For-  
songarane møter kl. 10.00.

**Måndag 26. desember** - 1.Juledag  
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Bø.  
Dåp.  
STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.  
Dåp. Nattverd.

**Laurdag 31. desember** - Nyårsaften  
STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Minnegudsteneste, felles for  
heile Vaksdal. Bø.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 23:15. Midnattsmesse. Bø.

**Søndag 1. januar** - Nyårsdag  
Ingen gudstenester i Vaksdal.

**Sundag 8. januar** - Kristi openberringsdag  
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.  
Nattverd.

**Sundag 15. januar** - 2. sundag i openberringstida  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nat-  
tverd.

**Sundag 22. januar** - 3. sundag i openberringstida  
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nat-  
tverd.

**Sundag 29. januar** - 4. sundag i openberringstida  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste/Tårnagen-  
thelg. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Sundag 5. februar** - 5. sundag i openberringstida  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste/Lys Vaken-helg.  
Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Sundag 12. februar** - Såmannssundagen  
EKSINGEDEALN KYRKJE kl. 15.00. Musikk-gudsteneste.  
Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Sundag 19. februar** - Kristi forklæringsdag  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.  
STAMNES KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dåp.

**Sundag 26. februar** - Fastelavnssøndag  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp Nattverd.  
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.  
Nattverd. Årsmøte. Kyrkjekaffi.

**Søndag 5. mars** - 1. sundag i fastetida  
Ingen gudstenester i Vaksdal, men deltaking i markeringa  
av Reformasjons-jubileet i Bergen

Dåp = Høye til dåp i gudstenesta. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no) og for eventuelle endringar.



*Bunad og stakkastovo as*

*ny bunad*

*omsom*

*bunadsølv*

*tillbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)*